

Vedlegg 2: Forsterkningsprogram 2025-2026 og erfaringar med tiltak som er gjennomført

Bilete 1 nedanfor viser strekningar på til saman 30 km med fylkesveg som er prioritert med forsterkningstiltak for åra 2025 og 2026. Gjennom om fordeling på 30 mill. kr i 2025, og gjennom løyving på minimum 67,5 mill. kr i 2026, kan vi no få utført fleire strekningar enn det kartet viser. Oppdatert analyse av forsterkningsbehov vil bli brukt for å velje ut fleire strekningar i åra som kjem.



Bilete 1: skjermbilete frå fylkesatlas som viser prioritert forsterkningsprogram 2025-2026

Erfaringar med gjennomføring av tiltak

Fylkeskommunen har dei siste åra bygd opp eit fagmiljø for å kunne analysere behov, planlegge, prosjektere og gjennomføre forsterkningstiltak. I vedlagt kunnskapsgrunnlag har vi presentert forsterkningstiltak som var gjennomført/eller under gjennomføring i 2024.

Hausten 2024 vart det gjennomført djupstabilisering inkl. knusefres på nokre strekningar. På mange av strekningane som er og blir prioritert for tiltak dei komande åra gjennomfører vi djupstabilisering/berelagsstabilisering. Då blir øvre del av eksisterande veg frest opp og homogeniserast, samtidig som pukk og nytt bindemiddel vert tilsett ved behov. Der eksisterande overbygning innehold mykje stor stein og oppstikkande berg vil vi nytte «knusefresing». I tillegg er det i dei fleste tilfelle nødvendig å oppgradere grøfter, stikkrenner og kummar.


Fyrste halvdel av 2025 har vi lagt vekt på å få gjort nødvendig forarbeid med utbetring av dreneringssystem på strekningane prioritert for 2025. På enkelte stadar har det og vore nødvendig å lage nye støttemurar og gjere diverse andre mindre utbetringar. Hausten 2025 skal vi i gang med djupstabilisering på desse strekningane.

På grunn av om fordeling på 30 mill. kr kan vi hausten 2025 også starte på oppgradering av dreneringssystem og anna forarbeid på mange av strekningane, som i utgangspunkt var prioritert i 2026. Då er vi klar til å kunne djupstabilisere strekningane vår/sommar 2026.

Nokre døme på gjennomførte tiltak

Link til nyhendesak om forsterkningstiltak på inertnettsida til Vestland fylkeskommune:
<https://www.vestlandfylke.no/nyheitsarkiv/2024/slik-skal-fylkesvegane-fa-lengre-levetid/>

FV 549 Hollekjevegen, utført djupstabilisering og oppgradering av drenering 2024




Bilete 2 og 3: før og etter utbetring



Bilete 4 og 5: før og etter

Fv. 5161 Hausdalsvegen, utført dreneringsarbeid, oppgradert mur og djupstabilisering inkl. knusefres



Bilete 6 og 7: natursteinmur før og etter utbetring

Bilete 8: etter gjennomført forsterkningstiltak

FV 5460 Eidavegen, biletta viser utført forarbeid med oppgradering av drenering før djupstabilisering skal gjennomførast haust 2025.



Bilete 9: ny stikkrenne

Bilete 10: nytt inntak stikkrenne

fv. 5158 Drangsvegen – forarbeid før djupstabilisering



Bilete 11: utskifting natursteinsmur

Bilete 12: nye drenasjoner, stikkrenner og kummer

Bilete 11 ovenfor viser døme på utskifting av natursteinsmur på fv. 5158 Drangsvegen som eit forarbeid før djupstabilisering. Muren med eit areal på om lag 65-70m² låg på därleg grunn og var i ferd med å rase ut. Ved utrasing ville vegen mest sannsynleg blitt stengt i lang tid.

På denne strekninga vil det også bli satt opp 4-500m meter med nytt betongrekkeverk når forsterkning og nytt dekke er lagt. Det er og utført mykje dreneringsarbeid, nye stikkrenner med meir. Bilete 11 viser døme på dette.